



Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sørdorp kyrkje

# KYRKJEBLAD

for

## NORD-FRON

Nr. 4 - desember 2025 - årgang 70

*I det stille til de små,  
bringer Jesus håp om fred,  
Og han kommer da som nå,  
fra himlen til oss ned.  
Julenatt med lys og  
glede minner oss om  
Gud som kom,  
evig er han her tilstede,  
nå står grav og krybbe tom*



# TIL TENESTE

## Nord-Fron kyrjekontor

Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra  
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege felles-  
råd. Nedregata 50, 2640 Vinstra

### Kontortider:

Kl.: 09.00 - 13.00. Tlf.: 612 16 290

### Sekretær:

Venke Helen Sletten. Tlf: 612 16 290

### Kyrkjevevjerje:

Morten Hagen. Tlf: 612 16 292  
Mob: 975 36 584

### Sokneprest i Sødorp og Kvikne:

Caroline Serck-Hanssen  
Tlf. 612 16 294. Mob.: 918 44 838

### Sokneprest i Kvam og Skåbu:

Benjamin Fjellheim Olsen  
Mob.: 403 12 795. Tlf. 612 16 293

### Diakon og kyrkjelydspeagog:

Per Øyvind Fredin.  
Kontor: 612 26 272. Mob.: 401 65 789

### Kyrkjemusikar:

Iren Falkenhaus. Mob.: 967 39 550

### Organist:

40 % stilling ikkje besatt

### SØDORP SOKN

#### Soknerådsleiar:

Liv Randi Sundhagen. Mob.: 481 24 885

#### Kyrkjetenar/graver:

Frank Varpestuen. Mob. 456 06 026  
Atle Kolloen. Mobil: 906 90 334

### KVAM SOKN

#### Soknerådsleiar:

Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

#### Kyrkjetenar:

Svein Fredrik Kjærstad. Mob.: 908 45 584

### KVIKNE SOKN

#### Soknerådsleiar:

Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

#### Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

### SKÅBU SOKN

#### Soknerådsleiar:

Bente Varpestuen. Mob.: 906 27 850

#### Kyrkjetenar:

Ben Hartjes. Mob.: 452 36 474

### FAMILIERÅDGJEVING

Familievernkontoret, Otta  
Storgt. 21, 2670 Otta. Tlf. 612 30 536

### Redaktør, Kyrkjebladet

Kristin Hareide Vesteraas.  
Mobil: 991 53 857  
Epost: kristin.v@hotmail.com

### Grafisk produksjon:

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,  
www.dg-trykk.no



www.dg-trykk.no



# HEIM OG KYRKJE



## Døpte

### KVAM:

Ove Brøste Flåten  
Jørgen Aanstad Johnsgård  
Elenora-Kristine Dorph Abild Ramstad  
William Orlando Hoel-Grønstad

### SØDORP:

Åsne Wiig Lillegård  
Elias Østlie Mathisen  
Ragnhild Marie Aasmundstad Stenseng  
Leah Moe  
Hedvik Arntzen  
Martin Romsås Mellemssdoken (Døpt i  
Ringebu stavkirke)  
Odin Sillibakken Sandbakken

### KVIKNE:

Amalie Slåsletten Lyngstad  
Emilie Wilhelmsen Silli

### SKÅBU:

Jon Anders Ekre  
Magnus Berglund Løkken



## Døde

### KVAM:

Gry Aaseth  
Per Johan Andersstuen  
Aslaug Nyborg  
Hernand Victor Sanchez  
Simen Røssum  
Aslaug Ottesen

### SØDORP:

Kari Arnekleiv  
Ole Brandvold  
Jan Petter Sæterli (Bisettelse)  
Liudmyla Verheieva  
Johannes Brandvol  
Birgit Holten  
Reidun Pauline Sagranden  
Keld Wikkelsø Rasmussen (Bisettelse)  
Jan Petter Fjeldberg (Bisettelese)

### KVIKNE:

Tor Rønshaugen

### SKÅBU:

Knut Nyvold



## Vigde

### KVAM:

Kari-Åse Smestad og Gjest Christian Johan-  
sen Madshus

### Takk

For gåva merka matutdeling frå Vinstra Synssenter  
Kyrkja i Nord-Fron

### Takk

Kyrkja i Nord-Fron ynskjer å rette ein stor takk for minnegåver gjeve til Kvam kyr-  
kje ved gravferda til Anne Grethe Tungen og minnegåve til Sødorp kapell gjeve ved  
gravferda til Johannes Brandvol.



### VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA

KVIKNE: 137266 SØDORP: 135692  
KVAM: 113553 SKÅBU: 115389

### KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON

Redaktør: Kristin Hareide Vesteraas

Redaksjonskomite: Per Øyvind Fredin, Bjørg Marit Hoel (Skåbu), Liv-Elin Aasmundstad (Kvik-  
ne), Tone Berit Øyen (Kvam).

### NESTE NUMMER

av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut før påske. Frist for stoff: **15. februar.**

Kyrjekontorets e-post-adresse: [venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no](mailto:venke.helen.sletten@nord-fron.kommune.no)

Heimeside: [www.kirken.no/nord-fron](http://www.kirken.no/nord-fron)

Kontonummer: 2095.49.59768

# Juleandakt 2025

## Det nye livet – den dyrebare gåva

Av Biskop, Ole Kristian Bonden

Når dagane i desember er på sitt mørkaste, kjem jula med lys og håp. I krubba ligg eit nyfødd barn – eit liv som tek til, men også ei gåve som blir gitt. Ikkje berre til Maria og Josef, men til heile verda. I det vesle Jesusbarnet møter vi ein Gud som vågar å vere liten, som vågar å vere nær. Han kom til oss som eit nyfødd barn, det skjøraste og mest verdifulle vi har, heilt avhengig av menneska rundt seg. Barnet i krubba minner oss om kor sårbare og avhengige vi er.

Det var Maria som bar han fram, fødte han i ein stall og gav han varme og nærleik. I Maria sin omsorg for barnet kjenner vi att kjærleiken frå Gud. Og i Jesu til-litsfulle blick anar vi julemysteriet: At Gud overgir seg til mennesket. Gud gjer seg til eitt med alle

i verda som er forsvarslause, makteslause og svake. Slik oppmodar han oss til å kjenne att Gud i alle menneske – også i oss sjølve. I barnet blir avstanden mellom oss viska ut.

Juleevangeliet lèt oss ane det mysteriet det er, at livet har eit feste som er så uendeleg mykje større enn våre eigne krefter. Verda og livet kviler i ein kjærleik som skaper lys der mørker rår, rettferd der urett er gjort, tru der fortvilninga har fått feste. Julebodskapen er så storslått, og samstundes så nær. Det er eit under og ei gåve. Det er Ordet som blir menneske, og som tek bustad mellom oss. Det er Guds son, lagt i våre hender.

**Velsigna julehøgtid!**  
Biskop, Ole Kristian Bonden



Foto Lars Martin Bøe



Madonna og barnet heng i Vallset kirke som er 175 år i år.

Foto: Steffen Laursen

Du ser på meg blidt og stille –  
da undres jeg over at ord  
som Angsten og Hatet og Hevnen  
er kjent av noen på jord.

Så lenge et hjerte skapes  
hellig og reint som ditt,  
skal mennesket tro og håpe  
trass alle tap det har lidt.

Jeg løfter deg, barn, som en visshet  
mot skjæret av Ragnarok-rødt:  
I lyset av regnbuens løfte  
blir barnet – vår frelser – født.

Hans Børli "Barnet"

## Kyrkjeleg undervisning og læring – hausten 2025

*Foto: Atle Kolloen, Bente Varpestuen, Caroline Serck-Hanssen og Per Øyvind Fredin*

*Tekst: Per Øyvind Fredin*

Det var godt oppmøte på 4- og 5-årssamlingane i Skåbu og Sødorp i haust – til stor glede for kyrkjelydspedagog Per Øyvind.



Per Risdal og Asbjørn Lien stod for ei flott demonstrasjon av den gamle kornkverna i Skåbu.



Vi fekk sjå kvernsteinen gå rundt og male korn til mjøl – akkurat slik det vart gjort i gamle dagar. Samlinga vart avslutta med avlettsteiking i

Bakkestugu, der Solveig og Nora Berget stilte opp og hjelpte til.

Soknerådsleiar Bente Varpestuen og kyrkjetenar Ben bidrog òg til å skape ei triveleg og lærerik samling.

I Sødorp fekk ikkje borna sjå ei levande demonstrasjon av kverna, men dei fekk oppleve korleis eit kvernhus ser ut innvendig.

Ola Skoe formidla historia og funksjonen til kverna. Etterpå fekk dei som ville, steike avletter på Bygdatunet – med god hjelp frå Eva Hilde Bakken. Avlettene vart nytta som nattverdsbrød på Hausttakkefesten i Nord-Fron denne hausten.

4-åringane i Nord-Fron hadde samling på biblioteket om våren, men fekk utdelt kyrkjebok under hausttakkefesten. Då song vi naturlegvis «Kven har skapt alle blomane?». I Sødorp kapell laga borna blommar med hendene sine under sangen, og følgde spent med på kva teikn Per Øyvind annonserte i dirigeringa.





Nattverden vart innstifta av Jesus. Men korleis kan vi forklare nattverden for 4- og 5-åringar?

Det kan vere utfordrande å formidle noko så stort og heilagt til små barn, men vi kan starte med det dei kjenner best: eit måltid. Når borna får mat frå sine omsorgspersonar, opplever dei omsorg, fellesskap og glede. Slik var det òg for Jesus og venene hans. Han var glad i dei, og dei delte måltid saman – akkurat som de foreldre er glade i borna dykkar og gir dei mat kvar dag.

Nattverden er eit måltid som minner oss om Jesu kjærleik og om fellesskapet vi har med Gud og kvarandre. Når vi deler brød og vin i kyrkja, takkar vi for livet, for maten og for alt det gode vi får. Om hausten har vi hausttakkefest for å feire at Skaparen gir oss frukt, korn og alt vi treng for å leve. Det er ein fest som lærer oss å vere takksame og å glede oss over fellesskapet – både med Gud og med kvarandre.

I Kvam fekk fem 4-åringar utdelt kyrkjebok, og dei bidrog med flott song under samlinga.

### Kirkerottene – frå Gjovik tilbake til Kvam



Så var det klart for kirkerotteteater i Kvam! I år følgde Lea Mus med rottene Fredo og Vesle. Temaet dei tok opp frå Bibelen denne gongen, var historia om gjetaren som mista lam nummer hundre – og som fann det att og førte det tilbake til flokken. Kirketeateret har tre ulike førestillingar som sirkulerer, alle med bibelske tema.

## Legosamling – tirsdag 21. oktober



Som i fjor arrangerte vi Lego-verkstad for 9-åringar, og i år deltok heile 25 born. Før bygginga starta, fortalde Per Øyvind historia om Babels tårn. Tårn er jo gøy å lage! Heldigvis byrja ikkje borna å snakke ulike språk, slik det står i Bibelen at folket gjorde for fleire tusen år sidan.

Men det vart laga mykje forskjellig på samlinga – kyrkjer, landskap, symbol (som hjarte), gudstenester (med prest og tilhøyrarar), politistasjon, borgar, tårn og andre bygningar. Kreativiteten blømde, og borna

kosa seg med bygging i kvarandre sitt selskap. Det er flott å sjå når dei kjem i flyt – så engasjerte at mat og måltid nesten blir gløymt!

Ingrid Grauphaugen, Lena og Elisa Ljungstrand var med som gode hjelparar og sørkte for både Lego-tilrettelegging og matserving.



# Barnas

**Vits:**

Veit du kva som  
er meitemarkens  
favorittsong?  
Svar: Deilig er  
jorda.

## LABYRINT

Kan du hjelpe  
gjetarane å finne  
vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

## FARGELEGG



## FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet  
i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men  
kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas  
til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 09 71 00



## PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2  
også vidare.  
Kva gøymmer  
seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

# Matutdelinga på Vinstra – nokre fakta og betraktningar

Tekst: Dirk Levsen og Per Øyvind Fredin



Matutdelinga på Vinstra blei starta i 2022. Per Arne Vesteraas med familie og diakon Per Øyvind Fredin fekk med seg ei rekke frivillige. Dirk har vore med som frivillig sidan årsskiftet 2023/2024.

Våren 2024 blei utdelinga, som skjer ein gong i månaden, flytta frå Kåja på Vinstra til ein fasilitet ved sidan av legekantoret, Nordre Byre 17.

Kvar gong vert det delt ut forskjellige grønnsaker, ferskvarer, frysevarer og tørrvarer. Matvarene vert henta frå Matsentralen på Rudshøgda, kjøpt lokalt eller er gåver frå lokale og regionale bedrifter og butikkar.

Alle, som har behov for gratis matvarer, kan melde seg på eller berre møte opp utan påmelding. Matvarene kan også køyrast heim til folk. Desember 2024 starta utdelinga sine engasjerte med digital påmelding. Hensikta med det er å sørgje for at folk slepp matkøa. Folk som avtaler tidspunkt digitalt eller via telefon, og som møter opp, får den maten som er tilgjengeleg. Det vert passa på at maten blir fordelt rettferdig.

Det er særst viktig å peike på at det ikkje vert stilt nokon krav eller spørsmål om alder, kjønn, inntekt, opphavsland eller trus- og livssyn.

*Så kvifor er eg, Dirk Levsen, med som frivillig?*

*Då skal eg svare enkelt og greitt med evangelisten Matteus 25:40, der Jesus seier:*

*«Sanneleg seier eg dokke: Det dokke gjer mot ein av disse mine minste, har dokke gjort mot meg».*

**Andre frivillige fortel også om deira motivasjon for å delta på matutdelinga og anna frivillig arbeid:**

*«Eg engasjerer meg i frivillig arbeid fordi eg finn det meningsfullt. Gjennom matutdelinga møter eg mange trivelege menneske, og eg får vere med på å gje andre ei lita handsrekning ein gong i månaden. I tillegg er dette eit tiltak som reduserer matsvinn. Det er meningsfullt.» (Torunn)*

*«Etter ei skade og påfølgande sjukehusstabe måtte eg til slutt kaste inn handkleet på Landbrukskontoret. Eg har nok alltid vore eit omsorgsmenneske som trivst med å gjere ein forskjell for andre. No er eg blant anna med i Sundheims vener og er leseven på Sundheim gjennom kyrkje-kontoret. Eg likar å snakke med eldre menneskje og syns dette er givande aktivitetar. Når ein ikkje er i jobb lenger mister ein mykje av det sosiale*

*nettverket sitt. Gjennom frivillig arbeid er ein del av eit fellesskap, samtidig som ein kan bidra til ein betre kvardag for andre.» (Linda)*

Matutdelinga treng meir støtte. Vipps til nr. 598171, og vel kategori «pengegåve Matutdeling», eller skann QR-koden med Vippsappen



**Tusen takk!**

# SKATTER FRÅ SALMEBOKA

## Adventssalmen «Rydd vei for Herrens komme»

*Caroline Serck-Hanssen. Fungerande sokneprest for Sødorp og Kvikne*

**Rydd vei for Herrens komme,  
for frelsen fra vår Gud!  
Vår ventetid er omme,  
han sender oss sitt bud:  
Det gamle skal forsvinne,  
Guds rikes tid er inne!  
Velsignet være han  
som kom i Herrens navn.**

**Guds folk, til deg han kommer,  
strø grener på hans vei!  
Kjenn duften fra hans sommer,  
som snart skal møte deg!  
De slitte dager fylles  
av lovsang og forgylles.  
Velsignet være han  
som kom i Herrens navn.**

**Så mange håp er døde,  
for fall står våre hus.  
Selv Sion ble lagt øde,  
dets tempel lagt i grus.  
Men Kristus skal bevare  
sitt folk, og vi skal svare:  
Velsignet være han  
som kom i Herrens navn.**

**Han kommer, han som troner  
hos Gud i evig glans!  
Snart flettes våre toner  
i englesangens krans.  
Men Lammets sang begynner  
i dag, når vi forkynner:  
Velsignet være han  
som kom i Herrens navn.**

Bortsett frå «Tenn lys!» er våre adventssalmar mindre kjende blant folk flest enn dei vi syng til jul. Allereie i adventstida tjuvstartar vi med å syngje julesalmar på diverse konserter og andre tilsetningar. Dermed har dei songane som eigentleg høyrer til denne perioden ein tendens til å hamne i skuggen. Ein av mine favorittar er «Rydd vei for Herrens komme», som står som nr. 9 i Norsk salmebok 2013.

Salmeteksten er opphavsleg skriven av den finsk-svenske diktaren Michael Frans Franzén i 1812, og gjendikta til norsk av Svein Ellingsen i 1983. Franzéns salme, som på svensk heiter «Bereden väg för Herran!» er nærmast obligatorisk i svenske gudstenester på den første søndagen i advent. Melodien er tysk frå omkring år 1600.

Ordet advent er henta frå latin «adventus», som kan omsettast med «komme» eller «ankomst». Vi ser fram mot at Guds son snart skal bli født i Betlehem. Fleire stader i Det gamle testamentet vert jødefolkets forventningar om Messias' komme uttrykt. Den kristne kyrkje trur at Jesus er den salva frelsarkongen jødane venta på. Salmen opnar med eit lettare omskriven

sitat frå profeten Jesaia, 40, vers 3: «Rydd Herrens vei i ørkenen, jevn ut en vei i ørkenen for vår Gud!» I tillegg inneheld salmeteksten tydelege referansar til Jesu inntog i Jerusalem på palmesøndag. I år handlar preiketeksta for 1. søndag i advent nettopp om denne hendinga. Folkemengden hyllar Jesus som ein konge med ord frå den gammeltestamentlege Salme 118: «Velsignet er han som kommer i Herrens navn!» (Matt 21, vers 9).

Svein Ellingsen (1929-2020) er ein av Noregs fremste moderne salmediktarar, og godt representert i Norsk salmebok 2013.

# Konfirmantjubiläum i Kvam 2025

## 50-Årskonfirmantar



*F.v.: Thor Rune Heggerusten, Egil Myhre  
Torolf Hagen, Erling Anker Jacobsen  
Jorunn Helene Brendstuen Granli, Hanna Louise Engum, Lise Stormorken Buø*

## 60-Årskonfirmantar



*F.v.: Ola Tungen, Ivar Hølmen, Per Magnar Klomstad, Halvor Bosaaen, Magne Knut Haugen, Asbjørn Helge Myrvold  
Kirsti Jacobsen Sandbu, Randi Margrethe Haugen Nordby, Synnøve Andersstuen, Kirsti Marie Skoga Krokbo, Geir Beitrusten*



*Tor Johan Aspeslåen og Arne Helge Næprud*

## *Julehelsing frå Kvam sokneråd*

Eit år går fort. No er vi snart inne i tida med ulike sysler, først adventstida og så til jul med vasking, bakst og pynting.

Det er ikkje alle som har det like bra i førjulstria, sender ein ekstra helsing til dei som har mista ein av sine kjære i året som har gått.

I sommar har vi hatt open kyrkje 3 dagar i 4 veker, der har det vore innom va. 120 personar, dette er ei ganske stor auke frå i fjor.

Setermessa, som i år blei arrangert på Brekka seter i Gravdalen hos Hege og Stian Stø Dørum samla så mange som 50 personar på ein veldig fin dag, der vi hadde servering etter messa og folk kosa seg i det fine veret. Paul Skuland hadde messa og Per Øyvind Fredin sto for song og pianomusikk.

På konfirmantjubileet i haust var det ca. 30 som var samla til hyggeleg samvær på Kyrkjeteigen. Av desse var det 19 konfirmantar. Det var 50-, 60-, og 70-årskonfirmantar. Per Øyvind sto for underhaldning med song og musikk.

Vil få takke alle som har bidrege som frivillige på dugnad eller vertar for open kyrkje, samt tilsette i kyrkja og Soknerådet.

***Vil med det ønske alle i Kvam Sogn ei riktig god jul og eit godt nytt år!***

*Kvam Sokneråd: Torolf Hagen.*

# Konfirmantjubiläum i Sødorp 2025

## 50-Årskonfirmantar



*F.v.: Anton Sigurd Tarud, Lars Hofstad, Lars Rytviken, Jan Ove Karenstuen, Jan Ove Karenstuen  
Anny Kristin Dahlen, Unni Anita Brattbakken, Elin Alice Eriksen, Siv Anni Volden Klåpbakken  
Kjellaug Solveig Kvernstuen Wangen, Gunvor Irene Midtskogen Skurdal*

## 60-Årskonfirmantar



*F.v.: Aud Lunde Renshusløkken, Arne Lunde, Halldis Byrløkken Hansen, Birgitt Haugen  
Marit Taarud Kirknes, Marit Bøe Gundersen*

## 70-Årskonfirmantar



*Randi Inger Wågø Bekkum og Kari Engum Vaterland*

### *Julehelsing frå Sødorp sokneråd*

Soknerådet vil starte denne julehelsinga med å takke alle som gjer arbeid for kyrkja, tilsette og frivillige. Vidare vil vi sende gode tankar og helsingar til alle som står i utfordringar i livet sitt. Ein kan kjenne seg aleine og makteslaus i møte med hendingar som kjennes overveldande. Trygve Skaug skriv i sin song - Ei stjerne som deg: «Når du trur at ingen ser deg. (...) Da skal jeg gripe tak og reise deg opp». Kanskje vi alle kan nytte adventstida til å reflektere over kven vi er mot andre vi møter på vår veg. Nokre gonger treng vi å bli støtta sjølv, og andre gonger kan vi vera den som ser eit medmenneske, strekk ut handa og grip tak. Jula sitt budskap minnar oss om at vi ikkje står aleine. I kyrkja er det plass til alle, barnet

i krybba ber håp der det trengs mest og hjå Jesus kan vi finne både glede og fornya styrke. Jula gjev oss også ei påminning om kor fint og godt det kjennes å gje noko til andre. Ta vare på denne kjensla inn i 2026!

***Soknerådet ønskjer alle ei fredfull  
julehøgtid og eit velsigna nytt år.***

*For Sødorp Sokneråd, Liv Randi Sundhagen.*



# Konfirmantjubiläum i Kvikne 2025

60-Årskonfirmantar



*F.v.: Petter Erling Sletten, Solveig Reidunn Berget, Grethe Helene Laengen, Ulf Aspeslåen, Ruth Randen Brendstuen*

70-Årskonfirmantar



*F.v.: Magne Løvli, Ingrid Karin Grøndahl, Astrid Reidun Slettmoen*

# Konfirmantjubiläum i Skåbu 2025

50-Årskonfirmantar



*F.v.: Hans Sletten, Ingolf Rønningen, Oddgeir Slåstuen og Arvid Kvalen*

60-Årskonfirmantar



*Rolf Risdal, då han ikkje vart feira i 2024*



*F. v. : Kjell Kvalen, Kjellaug Grauphaugen og Rolf Dalsheim*



## Julehelsing frå Kvikne sokneråd

I skrivande stund let vintersnøen vente på seg. Til nokre si glede og andre som nok kunne tenkt seg både ski- og akeføre. Ingen haust er lik og dèt er det fine med å bu i dette landet og denne bygda; variasjon.

Ei ny jul, med håp om fred mellom folk og folkeslag. Ufred og krig har følgd menneska gjennom alle tider. Dessverre så er det nok svært sannsynleg at det også vil følge oss vidare inn i det nye året. Likevel må vi aldri slutte å arbeide for fred, som startar med at vi kvar enkelt held fred med kvarandre.

Eit vers frå den nordnorske julesalma kan samanfatte noko av dette håpet:

*Guds fred over fjellet og åsen, la det gro der vi bygge og bor.*

*Guds fred over dyran på båsen og ei frossen og karrig jord.*

*Du ser oss i mørketidslandet. Du signe med evige ord  
husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord*

Soknerådet vil med dette helse til alle i soknet som har mista ein av sine i året som gjekk og til dei som slit med helsa på ymse vis. Soknerådet er også glade for alle som har gitt sine bidrag til kyrkja og har omtanke for ho.

Takk for godt samarbeid med alle som arbeider i kyrkja, frivillige som tilsette, og som gjer sitt beste for at arbeidet skal bera frukt og leva vidare.

*Så vil vi ønske ei god jul og eit godt 2026.*

*For Kvikne sokneråd  
Kristian Ekre*



## Julehelsing frå Skåbu sokneråd

Førjulstida er godt i gang. Travle dagar med mykje som skal gjerast til julefeiringa. Tradisjonar skal haldast ved like, og kanskje nye skapast.

Skåbu sokneråd vil få helse til alle, og spesielt til dei som har mista nokon i året som har gått. Vi sendar også ei ekstra helsing til dei som har det vondt og vanskeleg på andre vis. Vi vil takke dykk som arbeider ved kyrkjekontoret og i kyrkja vår, for det gode samarbeidet vi har. Helsing og takk til dykk som på ein eller anna måte har stilt opp med ei hjelpande hand – guidar, gåver, song og musikk.

Soknerådet er også utruleg takknemlege for den flotte konserten «Ord og toner» som var i april, med Per Arne Dahl, Mukampen spelemannslag, Simen I. Blekastad og Skåbukoret. Billettinntektene frå denne konserten gjekk i si heilheit til arbeidet med jubileumsboka «Skåbu kyrkje 100 år» i 2027.

*Ei god og fredfull julehøgtid og eit godt nytt år ynskjer vi til dykk alle i den fine bygda vår.*

*Ta vare på kvarandre!*

*Skåbu sokneråd, Bente Varpestuen*

**Frivillighetsfest 15. oktober på Kyrkjeteigen i Kvam**  
**Tekst: Berit Tangevik, foto: Per Øyvind Fredin**

Kyrkjeveren Morten Hagen ønskte velkome og presenterte dei tilsette. Diakon Per Øyvind Fredin takka dei frivillige, som gjer eit variert arbeid innan kyrkja sitt område. Vi fekk innhaldsrikt program, med servering av indisk kyllinggryte, kaffipause, allsong, quiz, andakt, trestemt allsong ved Iren, Caroline og Per Øyvind, og utlodning. Ein av gjestane, Marit Solli, fylte 90 år denne dagen og fekk gratulasjon i form av song. Det er triveleg å vere frivillig i kyrkja i Nord-Fron.



# Konsserter og musikk i adventstida

- **Skåbu kyrkje 30. november kl. 17:00**  
Skåbu barnekor deltek på ljossessa
- **Skåbu bygdaus laurdag 6. desember kl. 18:00**  
Julekonsert med Skåbukoret
- **Sørdorp kyrkje fredag 12. desember kl. 18:00**  
Julekonsert med Vinstra Musikklag
- **Sørdorp kyrkje laurdag 13. desember kl. 14:00**  
Mukampen spelemannslag
- **Sørdorp kyrkje søndag 14. desember kl. 08:30**  
Norsk et lite kor
- **Kvam kyrkje fredag 19. desember kl. 19:00**  
Kvam musikkforening i «Folkelig jul» - julekonsert
- **Skåbu kyrkje søndag 21. desember kl. 19:00**  
Skåbu musikkorps
- **Sørdorp kyrkje måndag 22. desember kl. 18:00**  
Maria Klåpbakken.



Fotograf: Tori Virik



## SNART JUL...

Julekonsert med Skåbukoret og Skåbu barnekor

**SKÅBU BYGDAUS**  
**LØRDAG 6. DESEMBER KL. 18.00**

Skåbukoret sammen med Skåbu barnekor  
synger kjente og kjære julesanger

Billetter: kr. 200,-  
Selges i døra eller ved forhåndsbestilling  
på VIPPS #724899  
(barn under 12 år og ledsagere går gratis)

VIPPS #724899  
(julekonsert 6. desember 2025)



## STØTT KYRKJEBLADET!

2095.49.59768

eller på Vipps 598171  
og merkes Kyrkjeblad

Vi har to inntektskilder:

- Den frivillige kontingenten
- Støtte-annonsene (Service-sida)


Kyrkjebladet er viktig for å synleggjere  
arbeidet og livet i kyrkjelydane

Takk for di støtte!

Helsing redaksjonen

## Annonsører som støttar kyrkjebladet vårt!

|                                                                                                                            |                                                                   |                                                                                                                                                                                                      |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Din lokalbank er tilgjengelig<br>når du trenger det!                                                                       | <b>SpareBank 1</b><br>GUDBRANDSDAL<br>Bank<br>Eiendom<br>Regnskap | <b>JOBE</b><br>GRAVSTEINSERVICE AS<br>• Innskriftsjoner<br>• Oppussing<br>• Omsliping<br>Arbeidet utføres på kirkegården.<br>Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304<br>Epost: post@jobegravsteinservice.no |
| Vi takker alle våre sponsorer.<br>Ønsker du som bedrift annonse<br>i kyrkjebladet, kan du ta kontakt<br>med kyrkjekontoret | <b>FRON BYGG</b>                                                  |                                                                                                                                                                                                      |



## DØLER I KRIG

Boka viser krigens grusomheter, fortalt gjennom mange av dem som opplevde andre verdenskrig i kampene langs Mjøsa og gjennom Gudbrandsdalen, med vekt på Nord- og Midt-Gudbrandsdalen.



Les om boka på  
denne nettsiden.

### Boka selges i disse butikkene:

- Norli Otta, Vinstra og Ringebu
- Anton & James bokhandel, Storgt. 40, Lillehammer
- Joker Sel • Sjoa Mat og Bensin • Hageland Bjørke
- Kvam • Coop Prix Dovre • Extra Dombås • Høvringen
- Landhandleri og Kafé • Rustugusetra • Mysusetter
- Servicesenter

### Boka selges også her:

bokbestilling@lokalhistorikeren.no  
www.krigsopplevelser.no

Utgivere: Lokalhistorikerne Kjell Arne Bakke og Morten Tullut



# OM Bakken Bygg AS

## ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER

LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA  
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO



## SLANGEN SETER

Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu  
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no



Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.  
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter  
for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.



## HÅREK FRISØRSALONG -KVAM-

Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181



Tlf. 971 88 621



Vinstra Begravelsesbyrå AS  
Lise Veikleeng, 99 58 29 43  
Nina S. Veikleeng, 94 83 25 40  
Døgnvakt!



## DOKKEN BIL AS

Tlf. 61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra  
http://vinstra.toyota.no - E-mail: post.vinstra@toyota

## BRØDRENE KROK

Salg & Service  
HiKOKI

## SENTRUMS HJØRNET

Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

## REMA 1000

Lomoveien 1, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 50 00



Alt innen vask og rengjøring  
Nedregata 58, 2640 Vinstra  
Mobil: 948 49 807

## Fron Traktor Service

2640 VINSTRA

Tlf. 61 29 24 60

Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe



## Hundorp Rørleggerservice AS

Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90  
E-post: post@hundorpror.no

www.hundorpror.no



## Peer Gynt KJØPESENTER

www.peergyntsender.no



Strandgata 33B, 2640 Vinstra  
Stasjonsvegen 1, 2634 Fåvang  
Tlf. 61 29 52 70

E-post: gudbrandsdal@okoraad.no

# Catering

til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:  
**engelcatering.no**

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:  
mob: 9110 2530  
engelbrev@gmail.com

**ENGEL**  
Konditor & catering

**coop  
marked**

Coop Marked Skåbu

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu

Tlf.: 61 29 55 19

E-post: [skaabu.marked@coop.no](mailto:skaabu.marked@coop.no)

Åpningstider: Man-Torsdag: 9-18

Fredag: 9-20, Lørdag: 9-18. Søndag: 12-16

 **abaris**

 **SKABU REGNSKAP AS**

[post@skaaburegnskap.no](mailto:post@skaaburegnskap.no)

Tlf.: 413 83 898

**RN** MEDLEM  
REGNSKAP  
NORGE

Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie

**WEIKLE**

Tlf 9005 4040 - [post@weikle.no](mailto:post@weikle.no)  
[www.weikle.as](http://www.weikle.as)

 **Hageland**  
Bjørke

Tlf 915 75 074

Vi hjelper deg med blomster til  
begravelse og andre anledninger

**ELEKTRIKERN** AS  
FRON

Nedregata 60, 2640 Vinstra  
Tlf. 61 29 20 10

**PEER GYNT**  
 **CATERING**

Vi leverer selskapsmaten  
til ditt arrangement  
på hytta eller jobben

Peer Gynt Catering AS  
Øvregate 23  
2640 Vinstra

Mob: 971 96 733  
Epost: [kjetil@peergyntcatering.no](mailto:kjetil@peergyntcatering.no)  
[www.peergyntcatering.no](http://www.peergyntcatering.no)

**Bakken  
Begravelsesbyrå**

Tlf. 47 68 22 27

**FRON TAXI**




 **48 90 95 00**

 **Dale-  
Gudbrands**  
Trykkeri a.s

[www.dg-trykk.no](http://www.dg-trykk.no)

2635 Tretten

tlf. 61 27 73 50



## GUDSTENESTER I NORD-FRON FOR JULA OG NYÅRET

| DAG/DATO/TXT                                            | SØDORP                                                                                                               | KVAM                                        | KVIKNE                                    | SKÅBU                  |
|---------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------|-------------------------------------------|------------------------|
| Julaften<br><b>24.desember</b><br>Luk 2,1-20            | Alle gudstenester på Julaften er familiegudstenester, tilpassa alle aldersgrupper. Nokre stader: Kulturelle innslag. |                                             |                                           |                        |
|                                                         | 12:00 Sundheim CSH<br>14:00 Kapellet CSH<br>16:00 Kyrkja BFO                                                         | 14:00 BFO                                   |                                           | 12:00 BFO<br>16:00 CSH |
| Juledagen<br><b>25.desember</b><br>Joh 1,1-14           | 11:00 Kyrkja<br>Høgtidsgudsteneste<br>Nattverd CSH                                                                   |                                             | 11:00: Høgtidsgudsteneste<br>Nattverd BFO |                        |
| 2.juledag<br><b>26.desember</b><br>(som juledag, i N-F) |                                                                                                                      | 11:00<br>Høgtidsgudsteneste<br>Nattverd CSH |                                           |                        |
| Nyårsaftan<br><b>31.desember</b><br>Luk 13,6-9          | 18:00 Kyrkja<br>Gudsteneste ved årsslutt<br>BFO                                                                      |                                             |                                           |                        |

Forkortingar (initialar for prestar): BFO: Benjamin Fjellheim Olsen CSH: Caroline Serck-Hanssen

| 2026                                                   |                                                        |                                                |                                                |                                                |
|--------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------|------------------------------------------------|------------------------------------------------|------------------------------------------------|
| DAG/DATO/TID                                           | SØDORP                                                 | KVAM                                           | KVIKNE                                         | SKÅBU                                          |
| Kristi openb.dag<br><b>4.januar</b><br>Matt 2,1-12     | 11:00 Kapellet<br>Høgmesse<br>Nattverd                 |                                                |                                                |                                                |
| 2.s.i openb.tida<br><b>11.januar</b><br>Matt 3,13-17   |                                                        | 11:00 Høgmesse<br>Nattverd                     |                                                | 17:00 «Vi syng jula ut»<br>Kveldsmesse         |
| 3.s.i openb.tida<br><b>18.januar</b><br>Joh 2,1-11     | 19:00 Kyrkja.<br>Kveldsmesse<br>Nattverd               |                                                | 11:00<br>Høgmesse<br>Nattverd                  |                                                |
| 4.s.i openb.tida<br><b>25.januar</b><br>Luk 18,35-43   |                                                        |                                                |                                                |                                                |
| Såmannssøndag<br><b>1.februar</b><br>Luk 8,4-15        | 11:00: Kyrkja<br>Høgmesse<br>Nattverd                  | 19:00<br>Tårnagentsmesse                       |                                                |                                                |
| Samefolkets dag<br><b>6.februar</b><br>Matt 5,13-16    | 18:00 Kyrkja/kyrkjestugu<br>Eftasmesse<br>Nattverd     |                                                |                                                |                                                |
| Kr.forklåringsdag<br><b>8.februar</b><br>Matt 17,1-9   |                                                        | 19:00<br>Høgmesse<br>Nattverd                  | 11:00:<br>Høgmesse<br>Nattverd                 |                                                |
| Fastelavenssøndag<br><b>15.februar</b><br>Joh 17,20-26 | 17:00 Kyrkja<br>Eftasmesse<br>Nattverd                 |                                                |                                                | 11:00<br>Høgmesse<br>Nattverd                  |
| Askeonsdag<br><b>18.februar</b><br>Matt 6,1-6.16-18    |                                                        | 19:00<br>Ungdomsgudsteneste/<br>Nattverd       |                                                |                                                |
| 1.s.i fastetida<br><b>22.februar</b><br>Matt 4,1-11    | 17:00 Kapellet<br>Eftasmesse<br>Nattverd               |                                                | 11:00 Utegudsteneste<br>Gapahuken, Kviknehøgda |                                                |
| 2.s.i fastetida<br><b>1.mars</b><br>Matt 15,21-28      | 11:30 Sundheim<br>Høgmesse<br>Nattverd                 |                                                |                                                | 19:00<br>Kveldsmesse<br>Nattverd               |
| 3.s.i fastetida<br><b>8.mars</b><br>Luk 11,14-28       |                                                        | 11:00 Familiegudsteneste<br>Nattverd/ 6 årsbok | 19:00: Kveldsmesse<br>Nattverd                 |                                                |
| 4.s.i fastetida<br><b>15.mars</b><br>Joh 11,45-53      | 11:00 Kyrkja<br>Fam.gudsteneste/<br>Nattverd/6-års bok |                                                |                                                |                                                |
| Maria bodskapsdag<br><b>22.mars</b><br>Lik 1,26-38     |                                                        | 19:00<br>Høgmesse<br>Nattverd                  |                                                | 11:00<br>Fam.gudssteneste<br>Nattverd/6-årsbok |
| Palmesøndag<br><b>29.mars</b><br>Joh 12,12-24          |                                                        |                                                | 11:00<br>Fam.gudsteneste<br>Nattverd/6-årsbok  | 19:00<br>Kveldsmesse<br>Nattverd               |

Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, annonser i GD, facebook kyrkja i Nord-Fron samt Heimesida til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.



www.dg-trykk.no

God Jul og godt nytt år!

KYRKJA I NORD-FRON  
er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron